

# Vetlhågå

Av Knut Raastad, 2017



Vetlhågå eller Lillehagen som det blir skrivi ligg ovanfor nordgard Sandnes i Nordherad.

Lillehagen gnr. 89 bnr. 4 vart fråskild frå nordgard Sandnes i 1888. Skjøte frå John Johnsen til Jakob Syversen Grev for kr 400,- vart tinglyst same året. Familien budde tidlegare i Tunga sør for Senda og flytte med seg husa hit. Dette kan ha skjedd i 1888.

Jakob Syversen Grev 1837-1904 var gift med Rønnaug Larsdotter Tungen 1838-1919, dei hadde dottera

Mari 1869-1914

I 1918 var det skjøte frå Jakob Syversens enke Rønnaug Enersdtr. Tungen til Ole Olsen Enden 1887-1967 for kr 1500,- samt verdsett føderåd kr 1000,- for 5 år. Ole Enden 1887-1967 var son til Ole Enden f. 1861 og Mari Maristuen f. 1862. Ole vart i 1918 gift med Ingeborg Myren 1893-1974, dotter til Jehans Myren og Gunhild Kveen. Dei hadde 3 barn:

Olaf 1920-1934

Gunhild f. 1925, gift med Jørgen Sandviken f. 1917

Johannes f. 1927

Johannes Lillehagen overtok i 1957, han vart 1957 gift med Målfrid Aabakken f. 1935, dotter til Per Aabakken f.1900 og Barbro Sveum f.1907. Johannes og Målfrid har 2 barn:

Inga Berit f.1959, neste brukar

Ole Petter f.1961, gift med Sissel Nergård

Inga Berit Lillehagen er gift med Knut Bø f.1951 frå Grasdalsmoen i Lia i Lom, dei har bygd hus på tomt frådelt nedst på jordet. Dei overtok Vetlhågå i 2006. Inga Berit og Knut har 1 barn:

Marte f.1990

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1997

Pål Øystein Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, s. 189

Folketelling 1900

Panteregister, grunnbok

1881.no